

Vossakveik

VOSSA JAZZ SITT NÆRINGSGLIVSSEMINAR

I samarbeid med Indre Hordaland Miljøverk inviterer Vossa Jazz til det tradisjonelle næringsglivsseminaret Vossakveik **torsdag 25. mars klokka 16:30–20:00** i **Fraktgodsen**. Voss kommune byr på smakebitar av lokalprodusert mat. Open bar.

Årets tema er reiseliv, klima og kulturbasert næring. Kan desse einast, eller er det for store motsetningar?

Øystein Dahle

Øystein Dahle er ein norsk industrimann og organisasjonsleiar. Han er særleg kjend som ekspert på energi, miljøvern og friluftsliv. Dahle har mellom anna vore viseadministrerende direktør i Esso Norge og styreleiar i Den Norske Turistforeining. Frå 2002 har han vore styreleiar i Worldwatch Institute. I 2007 ble Dahle utnemnd til Riddar 1. klasse av Den Kongelige Norske St Olavs Orden for sin kamp for nasjonale og internasjonale miljøverntiltak og for sitt arbeid med å fremje norsk friluftsliv.

Erik Thorstvedt

Erik Thorstvedt er ein svært etterspurt føredragshaldar som etter endt fotballkarriere har vore keepertrener for landslaget, sportsdirektør, forfattar, ekspertkommentator, programleiar og gründer. Han er òg ein hyppig brukt konferansier og toastmaster, etter som han er flink til å skipa til både sosiale og faglege samkome med humor og til ettertanke. Han stiller spørsmålet «kan ein læra noko av menn i korte bukser?»

Karin Krog og John Surman

Det vert eit eksklusivt musikalsk møte med årets Tingingsverkkomponistar.

Morten Krogvold

Kulturbasert næring – er det mogeleg i dag? Morten Krogvold er ein av våre fremste fotografar og ein ettertrakta føredragshaldar og inspirerende kursleiar. Krogvold er også lidenskapleg oppteken av kva som rører seg i Kultur Noreg. Morten Krogvold er Riddar av 1. klasse av den Kongelige Norske St. Olavs Orden.

Arne Hjeltnes vil leia oss gjennom seminaret.

Etter seminaret vert det sosial samkome med fingermat og noko attåt på Fleischer's Hotel.

Opning av festivalutstilling

For dei som ynskjer vert det minikonsert med Smyr og opning av Vossa Jazz og Voss Kunstlag si utstilling «Møte med veggen» av **Vidar Herre klokka 20:00 på Hestavangen**. Fotograf **Morten Krogvold** står for den offisielle opninga på Tre Brør Café klokka 20:15.

Pris: Seminar, fingermat og eit glas vin på Fleischer's: kroner 500 (kroner 300 for Vossa Jazz sine sponsorar)
Kun seminar: 200 kroner

Bindande påmelding til kari@vossajazz.no innan 15. mars 2010.

Alle interesserte er hjarteleg velkomne!

HELSING TRUDE STORHEIM VOSSA JAZZ



ØYSTEIN DAHLE



ERIK THORSTVEDT



KARIN KROG & JOHN SURMAN



ARNE HJELTNES



MORTEN KROGVOLD

VOSSA
JAZZ